

Send inn fangstrapportane!

25.09.2007



Mange fine laksefangstar er gjort i Uskedalselva denne sommaren. Ørnulf Myklebust, heime i Uskedalen på ferie, var ein av dei glade fiskarane. (Foto: Ola Matti Mathisen)

15. september var fiskesongen slutt i Uskedalselva, men fiskarane er litt for trege med å senda inn rapportane sine og leiar i elveeigarlaget Kåre Vethus har heller ikkje full oversikt over kortsalet. Men

truleg er det selt rundt 130 fiskekort denne sesongen

Vettrhus har så langt fått inn berre 54 rapportar. Han ber om at dei som ikkje har sendt inn gjer det snarast, for rapportane skal vidare til fylkesmannen i Hordaland.

Det har vore større interesse for å fiske i elva i år enn i fjor, då det vart selt 115 kort. Det har vore teke svært gode laksefangstar, men fleire av dei er enno ikkje rapportert inn.

Oppsynsmann Arne Terje Haugland har antyda at det har vore ein rekordsesong for laks..

Dei 54 rapportane fortel at det er fanga 135 kilo laks og 58 kilo aure, men dette er altså eit rent førebels resultat.

Dei som framleis ikkje har sendt inn rapportar får ikkje attendebetalt depositum, då fristen her var ei veke etter sesongslutt.

Av Ola Matti Mathisen